



5.-7. trinn

Brennmaneter

Når du svir deg på ei brennmanet, får du nærekontakt med eit nesledyr som har eksistert i meir enn 500 millionar år. Dei oppstod før fiskane, til og med før dinosaurane. Maneter finst i alle hav og på alle djup. Det finst til og med nokre artar som lever i ferskvatn. Med dei 40 meter lange tentaklane sine kan brennmanetene bli lengre enn ein blåkval.


Maneter er plankton. Det vil seie at dei driv med havstraumane. Sjølv om manetene ikkje kan styre kvar dei sym, kan dei styre kva djupn dei vil vere på.

Maneter består av 95 prosent vatn. Dei manglar både hjerne, hjarte, tenner og klør. Maneter kan kjenne lukt og rørsler i vatnet. Ei manet kan ete fisk. Dei fleste manetene jaktar på byttet sitt som ein edderkopp. Dei spreier ut tentaklane sine og ventar på at dyr skal bli fanga. Dei brennande neslecellene i tentaklane bedøver byttet. Mellom tentaklane har manetene ein munn, der maten blir ført inn.

Norske brennmaneter og glasmaneter lever vanlegvis berre gjennom ein vår- og sommarsesong. Maneter har to ulike livsstadium. Du har kanskje berre sett maneter som flytande geléballar? Før ei manet dør, har ho sleppt ut egg som blir til larvar som sym ned og festar seg på havbotnen som polyppar. Desse polyppane formeirar seg ved kloning. Dei slepper ut små tallerkenliknande dyr som utviklar seg til dei manetene vi ser.

Polyppane på havbotnen kan sitje der i mange år. Dei kan rett og slett sitje og vente på betre tider. Denne evna er truleg grunnen til at det varierer veldig frå år til år kor mykje maneter vi ser i sjøen. Vatnet bør ikkje vere for varmt, rundt 4 grader, og manetene treng mykje mat. Får dei det, multipliserer dei seg raskt.

Glasmaneta har også ein periode der ho står fast på havbotnen og et dyreplankton.





Ord og omgrep å snakke om

manet

organisme

egg

larve

polyp

tentakel

nesledyr

klone

feste seg

plankton

drive rundt

havstraum



Learn English

jellyfish

organism

egg

larva

polyp

tentacle

coelenterate

clone

to attach

plankton

to drift

ocean current



LIVSSYKLUSEN TIL MANETEN

Framgangsmåte:


Skriv ut hjula på kraftige ark, for eksempel 250 g.

Fargelegg overskrifta og pila.

Klipp ut luka inne i hjulet.

Klipp så langs den stipla linja på hjulet.

Denne delen skal liggje øvst av dei to hjula.



Framgangsmåte:

Skriv ut på kraftig ark. Fargelegg alle teikningane i riktig farge.

Fargelegg ferskvassfelta med lyseblå farge. Fargelegg saltvassdelen med mørkeblå farge.

Klipp så langs den stipla linja på hjulet. Legg dei to ferdige sirklane over kvarandre.


Stikk hol i sentrum med ein stift. Fest dei to sirklane saman på midten med ein splittbinders.



Fyll inn felta med fakta

UTSJÅNAD

MAT



EG ER EIN




BUSTAD

FORMEIRING




Kva kort høyrer saman?

Klipp ut korta og finn ut kva for eit bilet og kva for ein tekst som høyrer saman.
Legg dei i riktig rekkefølge slik maneten utviklar seg.



Den vaksne maneten slepp ut egg som blir befrukta av sædceller. Dette er den eine måten det blir nye maneter på. Nokre maneter passar på eggene ved å feste dei på tentaklene sine.



Egget utviklar seg til ein liten larve. Ei slik larve kallar vi også planula. Denne larva har cilier og svømmer rundt i vatnet.

Polyppen utviklar seg og dannar etter kvart små minimaneter som løysnar ein etter ein og svevar ut i vatnet. Slike små minimaneter heiter meduser. Dette er den andre måten det kan bli nye maneter på. Det er ei kloning.

Larven/planula finn seg ein fin stad der ho kan feste seg. Det kan vere på ein stein, på bryggestolpar eller på eit tau som heng ned i vatnet. No er det blitt ein polypp. Ein polypp kan leve slik i fleire år.

Den lille medusen utviklar seg til ein stor og flott manet. Maneter er nesledyr. Dei har nesleceller som kan bedøve og lamme byttedyr. Vi kan brenne oss på nokre av dei.